

**Referat styringsgruppemøte prosjekt «Mat og opplevingar i fjellet»****Dato:** 23.08.22**Tidspunkt:** 10:00 – 11.30**Møtestad:** Teams-møte**Deltakarar:**

Anne Skaug Nisi, Vestfold og Telemark fylkeskommune
Anniken Fægri Damm -Larsen, Innovasjon Noreg, Telemark og Vestfold
Nina Glomsrud Saxrud, Statsforvaltaren Oslo og Viken
Kari Randen, Fjellnettverket
Elin Halland Simensen, Fjellnettverket

Forfall:

Maren Solvang Johnsen, Sjøberg Gard
Olav Røssum, Fjellnettverket

Referent:

Elin Halland Simensen, Fjellnettverket

SAKLISTE

| | |
|---|--|
| A. INNKALLING OG REFERAT | 3 |
| SAK 1/22: INNKALLING OG SAKLISTE | 3 |
| Vedtak sak 5/21: | 3 |
| SAK 2/22: GODKJENNING AV REFERAT | 3 |
| Vedtak sak 2/22: | 3 |
| B. ORIENTERINGSSAKAR | 3 |
| SAK 3/22 ORIENTERING STATUS | 3 |
| Vedtak sak 3/22: | 3 |
| SAK 4/22 ORIENTERING OM EIGENINNSATS | 5 |
| Vedtak sak 4/22 | 5 |
| C. VEDTAKSSAKAR | FEIL! BOKMERKE ER IKKJE DEFINERT. |
| SAK 5/22 GODKJENNING AV PROSJEKTRAPPORT | 6 |
| Vedtak sak 5/22: | 6 |
| SAK 6/22 REKNESKAP 1. PROSJEKTÅR | FEIL! BOKMERKE ER IKKJE DEFINERT. |
| Vedtak sak 6/22: | Feil! Bokmerke er ikkje definert. |
| D. DISKUSJONSSAKAR | FEIL! BOKMERKE ER IKKJE DEFINERT. |
| SAK 7/22 UTKAST SØKNAD 2. PROSJEKTÅR | FEIL! BOKMERKE ER IKKJE DEFINERT. |
| Vedtak sak 7/22: | Feil! Bokmerke er ikkje definert. |
| E. MØTEPLAN | FEIL! BOKMERKE ER IKKJE DEFINERT. |



FJELLNETTVERKET

SAK 8/22: MØTEPLAN **FEIL! BOKMERKE ER IKKJE DEFINERT.**
Vedtak sak 8/22: **Feil! Bokmerke er ikkje definert.**



A. INNKALLING OG REFERAT

SAK 09/22: INNKALLING OG SAKLISTE

VEDTAK SAK 9/21:

Styringsgruppa godkjenner innkalling og sakliste.

SAK 10/22: GODKJENNING AV REFERAT

Referat frå styringsgruppemøtet 17.3.22 vart lagt fram for styringsgruppa.

VEDTAK SAK 10/22:

Referat frå møtet 17.3.22 godkjennast av styringsgruppa.

B. ORIENTERINGSSAKAR

SAK 11/22 ORIENTERING OM STATUS

I møtet vart det orientert om status for arbeidet med prosjektet og kommande aktivitetar.

Søknaden om finansiering

Det er søkt finansiering for 2. prosjektår frå Viken fylkeskommune og Innlandet fylkeskommune. Sidan det berre er Vestfold og Telemark (tidlegare Telemark fylkeskommune) som har innvilga finansiering for alle tre prosjektåra, må det søkast finansiering kvart år frå dei andre fylkeskommunane. Søknaden er lagt inn i Regionalforvaltning og det ventast svar i løpet av kort tid.

Utviklingsverkstad i Valdres 5. april

I samarbeid med Valdres Næringshage og Statsforvaltaren i Innlandet er det gjennomført utviklingsverkstad i Valdres. Verkstaden var for verksemdar som produserer, serverar og foredlar lokalmat.

Utviklingsverkstaden var lagt til Beitostølen, og det var med 43 deltakarar.

Ynskje med verkstaden var at verksemdene skulle få hjelp til å definere utfordringar i eiga verksemd, dei skulle arbeide saman med andre verksemdar for å løyse utfordringar og dei skulle få hjelp frå ulike aktørar og avtale vidare framdrift for utviklingsarbeidet i si eiga verksemd.

Verksemdene måtte på førehand velje mellom fire ulike tema. Dei fire temaa var: emballering, produktutvikling, produksjonsprosessar og matarv. Temaa var vald ut etter dialog med verksemdene og spørjeundersøking gjennomført av Valdres næringshage.

Målet med verkstaden var at fleire lokalmatverksemdar tar i bruk forskings- og utviklingskompetanse (FoU) for å løyse utviklingsoppgåver i verksemdene sine.

Forskarmiljø på matforskningsinstituttet NOFIMA og forbruksforskningsinstituttet SIFO ved OsloMet var inviterte til å vere med på verkstaden. Forskarane var med som ekspertar innanfor kvart av temaa. I



FJELLNETTVERKET

tillegg til forskarane, deltok rådgjevarar frå næringshagar, statsforvaltarar, kompetansemeklarar, fylkeskommunar og Innovasjon Noreg.

Undervegs i verkstaden kom det fram mange problemstillingar knytt til dei fire temaa, ikkje så mange av desse egna seg som forskingsprosjekt direkte, men mange resulterte i viktige utviklingsprosjekt for verksemdene. Dette følgjast opp vidare av Innovasjon Noreg og næringshagen i Valdres.

Verksemder frå fjellområda i heile Innlandet vart invitert til å vere med på verkstaden, men med nokre få unntak kom mesteparten av dei som deltok frå Valdres-området.

Det er planlagt tilsvarande utviklingsverkstad i Viken og i Vestfold/Telemark. Prosjektet inngått samarbeidsavtaler med Næringshagane i Hallingdal, Viken og Telemark om å samarbeide om dette.

Nettverksamling og Fjellkonferanse:

Det blir arrangert nettverkssamling for deltakarane i prosjektet på Nutheim Gjestgjeveri i Telemark frå 26.9-27.9. Hausten er ei travel tid for verksemdene, og samlinga blir difor ei halvdagssamling.

Verksemdene inviterast til å delta på Fjellkonferansen. Samlinga var planlagt gjennomført hausten/vinteren 2021. Ynskje med å samlinga er at verksemdene skal treffast for å bygge nettverk på tvers av regionar og at verksemdene skal bli betre kjent.

Fjellkonferansen arrangerast på Gaustablikk 27.9-28.9. Tittelen på konferansen er "Fjellstøtt inn i framtida". Fjellkonferansen er ein møteplass for alle som er oppteken av fjellområda og utvikling av fjellet. Konferansen skal vere inspirasjon, drøftingar og kunnskapsutveksling.

Eit av hovudtemaa på årets konferanse er presentasjonen av Nibio-rapporten om "Mat og opplevingar i fjellet - berekraftig bruk av lokale ressursar i landbruk og reiseliv".

Rekruttering av verksemder:

Arbeidet med å finne verksemder som vil vere med å teste "Fjellheim"-konseptet er i gang. Det er laga invitasjonsbrev med beskriving av kva ein ser etter hos verksemdene og kva dei forpliktar seg til.

Invitasjonen er sendt ut til matkontaktane hos Statsforvaltaren og er lagt på facebookside til prosjektet i tillegg til at det er orientert i nettverksmøter for verksemdene i prosjektet.

Det har kome tilbakemelding frå fleire verksemder som vil vere med. Prosjektet tar gjerne imot forslag verksemder eller korleis ein skal nå ut til dei som vil vere med.

Kommunikasjon om prosjektet

For informere om prosjektet er det oppretta eit eige område på heimesidene til Fjellnettverket. I tillegg blir Facebook-gruppa "Grune Woche Fjell Norge" og Instagramside til Fjellnettverket brukt som kanalar.

Facebook-gruppa "Grune Woche Fjell Norge" er ei gruppe under Fjellnettverket og vart oppretta for å informere om fjellområdas deltaking på Grüne Woche. Gruppa har over 340 medlemmar og mange av produsentane er medlem.

For å tydeleggjere kommunikasjonen endrar Facebookside "Grüne Woche Fjell Norge" namn til "Prosjektet mat og opplevingar i fjellet" og blir ei interngruppe for prosjektet.



VEDTAK SAK 11/22:

Styringsgruppa tar informasjon til orientering.

SAK 12/22 ORIENTERING OM EIGENINNSATS

Nibio fekk i oktober 2021 oppdraget med å utarbeide rapporten om berekraft og klima knytt til landbruk og reiseliv i fjellet. Bestillinga til Nibio var at dei skulle utarbeide ein rapport som ser på berekraftig bruk av lokale ressursar i landbruk og reiseliv.

Arbeidet med rapporten vart sett i gang i januar 2022 og fram mot sommaren har det vore fleire møte mellom forskarane, referansegruppa og prosjektleiinga. Referansegruppa og prosjektleiinga har kome med forslag til litteratur, innspel i diskusjonar og vinkling av problemstillingar.

Referansegruppa har bestått av Everdien Van Weeghel frå Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark, Jorunn Stubbsjøen frå Statsforvaltaren i Innlandet, Guri Bugge, frå klimameldinga i Viken fylkeskommune og Knut Fossgard, næringsavdelinga i Viken med ansvar for reiseliv)

I rapporten var Nibio bedt om å samanfatte eksisterande kunnskap om korleis reiselivsaktiviteter og matproduksjon, basert på lokale ressursar i fjellet, påverkar berekraft og klima. Det var også eit ynskje at resultatane frå rapporten skal gje grunnlag for påverknadsarbeid for ein politikk som fremjar berekraftig utvikling av fjellområda og som styrker verksemdene med kunnskap om korleis deira produksjon og aktivitetar påverkar miljøet.

Nibio vart i tillegg bedt om å gå inn desse i tre hovudtema:

Beite, biomangfald og karbon: med hovudvekt på miljømessig berekraft, i tillegg til økonomisk og sosial berekraft.

Sjølvforsyning/matsikkerheit og mattryggleik: med hovudvekt på sosial berekraft, i tillegg til økonomisk og miljømessig berekraft.

Reiseliv og lokale ressursar: med hovudvekt på økonomisk berekraft, i tillegg til miljømessig og sosial berekraft.

Endeleg rapport blir lagt fram av Hanne Sickel (Nibio) og Bjørn Egil Flø (Nibio) på Fjellkonferansen på Gaustablikk 27.-28. september.

VEDTAK SAK 12/22:

Styringsgruppa tar saken til orientering.

SAK 13/22 NYE MEDLEMMAR I STYRINGSGRUPPA

Endringar i arbeidssituasjon har gjort at tre av medlemmene i styringsgruppa må erstattast. Erik Høyeme Rogn og Nina Mosseby har starta i nye jobbar og er ikkje lenger aktuelle som medlem i gruppa. I tillegg så manglar det ein representant frå produsentane.

Prosjektleiinga er i gang med arbeidet for å finne nye representantar.



VEDTAK SAK 13/22:

Styringsgruppa tar saken til orientering.

C. MØTEPLAN

SAK 14/22 MØTEPLAN

| Dato | Tidspunkt | Stad | Møte |
|--------------------------------|---------------|-------------|--------------------|
| 7.12.22 | 10.00-11.30 | Teams- møte | Styringsgruppemøte |
| Forslag til nytt møte: 15.3.23 | 10.00 - 11.30 | Teams-møte | Styringsgruppemøte |

VEDTAK SAK 14/22:

Styringsgruppa godkjenner møteplanen.
